



Fôr i Forollhogna

Forfatter

Yngve Rekdal, Skog og landskap

Sammendrag

Rik berggrunn gjev grunnlag for eit artsrikt og frodig planteliv i Forollhogna. Dette fjellområdet har svært gode beite både for husdyr og rein, kanskje noko av det beste fjellbeitet i Sør-Noreg. Heile Forollhogna er eit gammalt kulturlandskap som treng skjøttast skal ein ta vare på dei kvalitetane området har for beite, biologisk mangfald og oppleving.

Publisert

2015

Referanse

Sau og Geit nr. 1/2015

Utskriftsdato

03.12.2023 www.fag.nsg.no



Sau langs Østerbekken med Forollhogna i bakgrunnen.

Fôr i Forollhogna

Rik berggrunn gjev grunnlag for eit artsrikt og frodig planteliv i Forollhogna. Dette fjellområdet har svært gode beite både for husdyr og rein, kanskje noko av det beste fjellbeitet i Sør-Noreg. Heile Forollhogna er eit gammalt kulturlandskap som treng skjøttast skal ein ta vare på dei kvalitetane området har for beite, biologisk mangfald og oppleving.

Natur

Forollhogna er fjellområdet mellom Hedmark og Sør-Trøndelag aust for riksveg 3 og E6. Området er kring 2.000 km² og 7 kommunar har kvar sin bit. 1.500 km² er verna som nasjonalpark eller landskapsvernområde. Det meste av området ligg mellom 800 og 1.200 m o.h. Fjella har rolege former, med dalar som skjer seg inn både i nord og sør. Over 100 setrer er i drift i dalane.

Berggrunn som lett forvitrar

dekkjer det meste av Forollhogna og gjev godt med næring for plantevokster. Vegetasjonen i sør er innlandsprega, mot nord og vest får ein innslag av planter og vegetasjonstypar som er meir vanleg i kystklima.

Frodige bjørkelier

Det som verkeleg særkjenner vegetasjonen i Forollhogna er frodige bjørkelier i dei mange fjelldalane. Mykje av skogen er av vegetasjonstypen engbjørkeskog med høge urter og gras. Blåbærbjørkeskog utgjer likevel størst areal, men dominerande utforming ligg på den rike sida av typen. Den fattigaste skogtypen, lav- og lyngrik bjørkeskog, er det veldig lite av.

Engbjørkeskogen er viktigaste areala for husdyrbeite. Dette fordi det her er størst planteproduksjon, gjerne 2-3 gonger høgare enn i blåbærbjørkeskogen, i tillegg til at det her veks meir verdfulle beiteplanter. Men engbjørkeskogen er ikkje gode beite i «normal tilstand». Da vil skogen vera dominert av høge urter som skogstorkenebb og

tyrihjelm. Beiting påverkar konkurranseforholdet mellom plantene. Område som gjennom lengre tid har vore utsett for beiting eller slått vil få grasrik, engliknande vegetasjon. Engbjørkeskogen i Forollhogna har enda jamt over godt med gras, men ein ser mange stader at vegetasjonen er i endring mot større dekning av høge urter.

Snaufjellet

Størstedelen av snaufjellsarealet i norske fjell er heitypar med dvergbjørk, lyng- og lavartar. Slik er det også i Forollhogna. Ein kan rekne med at kring 40% av fjellarealet er vegetasjonstypen rishei som førekjem i lesider på areal med moderat tilgang på næring og vatn. Denne vegetasjonstypen er dominert av eit fåtal artar, i første rekkje dvergbjørk, krekling, smyle og blåbær. Smyleinnhaldet gjer at typen har ein viss beiteverdi. Det er mest smyle der typen førekjem i godt hellande terreng. På rabbar eller andre opplendte areal dominerer lavhei med lyse lavartar, krekling og krypande dvergbjørk. Hus-

dyr har ikkje noko å hente på desse rabbane, men lite snødekke og godt med lav gjer at dette er viktigaste areala som vinterbeite for rein.

Langs bekkar og i vassig i lier blir det rikt vegetasjonsdekke. Høgstaude-eng heiter vegetasjonstypen som kjem inn her, med høg dekning av høge urter, bregner og gras, saman med eit busksjikt med vier. Dette er dei mest produktive areala i fjellet, og dei er viktige for mykje av det som lever i fjellnaturen, både insekt, fuglar og dyr. Ikkje minst er dette viktige beite for husdyr og rein. Typen dekkjer ikkje så stort areal samla, men stadvis er det høg dekning.

Snøleie og myr

Snøleievegetasjon kallar vi plantelivet på stader der veksesesongen blir sterkt avgrensande for plantesetnaden. 5-10% av snaufjellet i Forollhogna er snøleie. Den næringsrike berggrunnen gjer at grassnøleia her ofte er veldig artsrike og frodige. Dette er svært viktige beiteareal for husdyr og rein da dei kjem i vokster når andre areal fell i kvalitet. Dyra kan såleis følge snøsmeltinga og få tilgang på ny groe ut på etter-sommaren og hausten. Beitedyra i dette området kan derfor ha god tilvekst til godt ut i september.

Nedbøren i Forollhogna er ikkje høg, likevel er det mykje myr, ofte i godt hellande terreng. Årsaken til dette er den rike berggrunnen som gjev ei tett botnmorene som ikkje drenerer bort vatnet godt nok til å unngå forsumping. Desse bakkemyrene er ofte av ekstremrik type eller det vi kallar kalkmyr. Dette er også fine beite for sau som elles oftast ikkje beitar på myr. Under skoggrensa er det også mykje myr, men her er dei våtare og flatare. Sau vil ikkje beite her, men storfe beitar gjerne så lenge botnen ber.

Kulturlandskap

Landskapet i Forollhogna, både snaufjell, men særleg seterdalane, ber enda sterkt preg av intensiv utmarkshausting gjennom fleire hundre år. Denne haustinga var så sterk at det kan vera vanskeleg å forstå i dag. Ein må rekne med at det meste av gras- og urterik skog og stormyrer vart slege. I Osboka står det om markslått frå ein gard: *Årlig kvantum markhøy som vart fora og kjørt hjem på garden, var 40 opptil 50 vinterlass à 20 våg (1 våg = 18 kg).*



Mykje engbjørkeskog vil vera dominert av tyrihjelmer der det ikkje er nok beiting.



I den austvendte sida av Langtjønndalen er det fine snøleie.

Det hette at det lønte seg å slå når det var såpass gras at det vart ei sautuggu i ljàdraget.

I dag har skogen igjen nådd mykje av utbreiingsvidda si, med ei skoggrens 800-1.000 m o.h., høgast i sør. Det er likevel store, skoglause areal som ligg akkurat litt under den klimatiske potensielle skoggrensa, som kan koma til å gro att dersom beitetrykket blir lågt. Dersom det skjer ei heving av sommartemperaturen, ligg veldig store areal utsett til for å bli skogsett.

Skjøtsel

Det gamle haustingslandskapet er ikkje stabilt. Endrar ein påverknaden som har skapt vegetasjonsbiletet vil vegeta-

sjonen endre seg. I norsk kulturlandskap er beitedyr i dag den einaste reiskapen som kan ta vare på større areal, utafor det arealet traktoren kjem til på. Spørsmålet da blir å dimensjonere beitetrykk, styre beitinga til viktige areal og å finne dyreslag slik at ein får så god effekt som råd. Styring av dyr kan gjerast med saltsteinar, men mest effektivt med gjerde. Det siste kan vera kontroversielle tiltak dersom det får stort omfang. I dei frodige skogliene er det svært viktig at storfe er til stades, da sauene åleine ikkje vil greie å stoppe dei store veksekraftige urtene.

I den frodigaste skogen kjem ein ikkje unna å hjelpe til med manuelt arbeid i form av skogtynning.



Dette er ressurskrevjande og det er viktig at innsatsen blir sett inn der ein har mest att for det. Det er no utvikla mykje maskinelt utstyr for tynning og rydding i utmark. Dette må takast i bruk skal ein skjømte store areal.

Beitekvalitet og -kapasitet

Kvaliteten på utmarksbeitet i Forollhogna er jamt over svært høg, men noko variasjon er det. Ikkje noko område kan seiast vera dårleg. Største beiteressursen ligg i dei frodige skogliene, men også i snaufjellet er det gode beite. Ein svært viktig kvalitet for beitet i mykje av området er god tilgang på snøleivevegetasjon.

Dersom ein tek utgangspunkt i det verna arealet som er kring 1.500 km², kan ein rekne med at kring 65% av dette er nyttbart beiteareal. Nyttbart i den meining at dyr vil ta plante-materiale av betydning for tilvekst herifrå. Reknar ein 70 sau per km² nyttbart areal skulle det vera plass til om lag 68.000 sau. Dette dyretalet forutset at det også går storfe i området (1 storfe = 5 sau).

Siste sommaren var neppe meir enn halvparten av potensialet nytta, da også medrekna 2.000 villrein. Det skulle altså vera store, ledige beiteressursar i Forollhogna. Beitetrykket siste åra har vore ujamnt. På Trøndelagsida, i aust og nord, har det vore lite beitedyr. I vest og på Hedmark-sida har beitetrykket vore høgare, men jamt over også her for lite dyr til å hindre at vegetasjonen er i endring.

Næringsutvikling

Ministrar i Landbruks- og mat-departementet har i dei siste åra sagt oppatt og oppatt at vi må utvikle eit landbruk som utnyttar regionale og lokale fortrinn. Det er ikkje tvil om kva som er fortrinnet til landbruket i bygdene rundt Forollhogna. Det er ei svært produktiv utmark. Her ligg noko av det beste utmarksbeitet i Sør-Noreg. Det gjev gode vilkår for å drive beitenæring i utmark og til å utvikle eit landbruk med basis i utmarka. Ei levande beitenæring er dessutan ein føresetnad for å skjømte dei verdiane landskapet i Forollhogna har for beite, biologisk mangfald og oppleving.

Tekst og foto: Yngve Rekdal



Når graset på Singsåsvollen i Nekkjadalen står mest ubeita sist i august er det tegn på at her kjem det til å skje store landskapsendringar.



I mange seterdalar er enda det gamle slåttelandskapet i god hevd.



Rishei er dominerande vegetasjonstype i fjellet.